



Slik gjekk det med filmteltet på Festidalen i morgontimane laurdag. Det hamna oppå sponsorteltet - opp ned. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det heftige veret med regnbyger og kraftige vindkast fører til at Festivalen-arrangørane må avlysa familie-arrangementet som skulle starta laurdag klokka 11 og vara til 14.30. Eit telt, film-teltet, er bokstaveleg tala teke av vinden,

Arrangementet skulle by på natursti, underhaldning, riding, traktorkjøring, mjølkespannkasting, eventyrstund og kino.

Filmframсыningane hadde vorte avlyst i alle tilfelle, for kinoteltet var teke av vinden og lagt opp ned på sponsorteltet då festivalleinga var på plass i morgontimane. Det var truleg også betydeleg skade. Heldigvis var dette den einaste registrerte skaden etter vindkasta.

- No må vi samla alle krefter om å få til ein bra konsert i kveld.. Det er varsla at vergudane blir meir positive utover dagen og vi satsar på det, sa Sveinung Mæland Pile til uskedalen.no ved 10.30-tida. Men akkurat då gjekk veret over frå å vera vondt til verre.

Av Ola Matti Mathisen



- her skulle det ha vore eit filmtelt...(Foto: Ola Matti Mathisen)